



Sakspapir

| Sakshandsamar | Arkiv | ArkivsakID |
|-------------------|--------|------------|
| Øyvind Tolleshaug | FA-L13 | 20/18 |

| Saksnr | Utval | Type | Dato |
|--------|--------------|------|------------|
| 004/22 | Ungdomsrådet | PS | 10.03.2022 |

Reguleringsplan for Koppersevja

Vedlegg:

19033 PLANKART 24-02-22-A1-L

4633202001 reguleringsføresegner 12-01-21 rev 23-02-2022

4633202001 Planomtale Koppersevja pr 23-02-2022

Saksutgreiing:

Saksopplysningar

Gjennom åra har det vore ønskje å verta kvitt mudderet i Koppersevja. Tidlegare var det mudder også i Taraldsevja. Her vart det fylt att med stein tidleg på 80-talet.

I 2018 og 2019 hadde grunneigarane kring Koppersevja fleire møte der dei prøvde å finna ein måte å bli kvitt mudderet i evja på. Utan mudder vil evja vera betre egna for småbåtar og betre egna til andre aktivitetar som til dømes bading og padling. Til slutt kom dei fram til at det luraste var å laga ein reguleringsplan først.

I 2019 gjorde kommunen ein avale med grunneigarar kring Koppersevja. Avtalen var slik at dersom 10 grunneigarar la 10.000 kr på bordet kvar, ville kommunen hjelpe til med å laga ein reguleringsplan.

Årsaka til at dei måtte betala, er at det er kostar mykje pengar å laga ein reguleringsplan.

Ein reguleringsplan vert laga etter reglar i plan- og bygningslova. Her står det mellom anna : *Kommunen har et særlig ansvar for å sikre aktiv medvirkning fra grupper som krever spesiell tilrettelegging, herunder barn og unge.*

Det er no laga eit framlegg til reguleringsplan. Årsaka til planen kjem i ungdomsrådet, er for å sikre



Fedje kommune

medverknad.

Framleggget til reguleringsplan skal mellom anna sikre at området ikkje vert bygd ut slik at det vert umogeleg å koma fram til sjøen eller at ferdsel gjennom området vert hindra. Planen har difor friområde og gangstiar som det ikkje vert muleg å bygga på.

I dag går det ein uoffisiell sti frå Bedehuset gjennom Taraldsevja fram til bustaden til familien Tungland. Denne stien vert no ein del av planen.

Det vert og ein gangsti frå trafoen ved den gamle butikken til Taraldsevja. Denne trasèen vert ikkje nytta som sti i dag. Det er for fuktig i terrenget eller ein må gå nærmare bustadane enn det ein til vanleg gjer. Stien krev opparbeiding. Planen legg til rette for dette.

Når planen vert lagt fram for ungdomsrådet, er kommunen særleg interessert i å få vite om barn eller ungdom har nytta området til noko og om planen vil hindra denne bruken.

Planen har tre delar : plankart, føresegner og planpmtale. Det er kommunestyret som til slutt skal vedta planen.

Forslag til vedtak:

Ungdomsrådet har ingen merkander til planen.

Ungdomsrådet - 004/22**U - behandling:****U - vedtak:**

Ungdomsrådet er positive til gangsti og fortau i reguleringsplanen, og har elles ingen merknader til



Fedje kommune

planen.

Samrøystes vedteke.